

Venstre sine kandidatar i Giske



1 Marit Vik

Giske skal vere ein god plass å leve og bu for alle. Vi er alle like viktige. Om du vil, er eg klar til å ta ansvaret som ligg til vervet som folkevald, også som ordførar. Gjennom samarbeid, opne prosessar, lytte, lære og gjennom å sette ord og vedtak ut i handling, vil eg arbeide til det beste for alle i Giske.



2 Bente H. Fiskerstrand

Eit reint hav er mi kampsak, det er den beste gåva vi kan gje til komande generasjonar. Ei sterk og sunn fiskerinæring er essensielt for fiskerkommunen Giske.



3 Mona Vartdal Dimmen

Eg vil arbeide for at kommunen skal ha gode barneskular og barnehagar på kvar øy og at skulane, lærarane og elevane skal bli lytta til og høgt prioritert.



4 Hanne Sofie Roaldsnes

Vi skal støtte frivillige organisasjonar med tiltak spesielt retta mot barn og unge, og prioritere og videreføre arbeidet med MOT i skulen.



5 Ingebjørg Rørvik

Vi skal ta vare på den rike historia vår inn i framtida. Vi treng gode helsetenester, når vi har behov for dei, og kvalifiserte tilsette som trivst og får utvikle seg.



VENSTRE

6 Sissel Arhaug Basso

7 Thomas Hoddevik

8 Arild Gjøsund

9 Anne-Lise Roald

10 Jenni Elena Giske Andersen

11 Britt Dagny Nikolaisen

12 Lars Petter Folkestad

13 Britt Giske Andersen

14 Jan Ove Skodje



VENSTRE

Marit Vik – vår ordførarkandidat

Saman tek vi Giske framover.

Her er vår politikk!

Les meir om våre saker
+ programmet på
nettsidene våre:

www.venstre.no/lokal/giske



Berekraftige helsetenester

Giske Venstre vil

- ta alle heildøgnspllassane i bruk
- bruke velferdsteknologi i heimane, slik at dei som ønskjer det kan bu tryggare heime
- styrke heimebasert omsorg
- auke tilbod til menneske med demens
- prioritere barn og ungdom slik at dei ikkje vert råka av lange ventelister, særleg innafor psykisk helse og rus
- styrke helsefremjande og førebyggande tiltak

- arbeide for tidleg innsats og lavterskelttilbod
- at alle får den hjelpa dei har rett på
- arbeide for å tilsette ein helsekoordinator som hjelper til med å finne fram i systemet



Oppvekst og kultur

Å skape gode oppvekstvilkår er ein jobb vi som samfunn må gjere i lag.

Giske Venstre vil

- ha gode barneskular og barnehagar på kvar øy
- at elevane skal møte ein kvalifisert lærar
- at elevar opplever meistring i ei opplæring som er tilpassa deira føresetnader
- at barna skal få barnehageplass når foreldrepermisjonen er over
- ha eit mangfold i fritidsaktivitetar, nært der ein bur
- vidareføre arbeidet med ny

- barneskule på Vigra
- at alle innbyggjarar skal ha nærliek til grøne områder der frileik er trygt
- uformelle møteplassar for ungdom
- styrke mangfoldet av tilbod i kulturskulen
- arbeide for kulturhus i kommunen
- ta vare på den rike historia vår



Eit næringsvennleg Giske

Næringslivet bidreg med verdiskaping, inntekter og bulyst til kommunen. Kommunen må sjå både utfordringar og moglegheiter og ivareta tenestene på best, og mest mogleg, effektiv og rettvise måte.

Giske Venstre vil

- at bedrifter får god kommunal rettleiing
- gode og rettferdige prosessar og forpliktande tidsfristar
- lokalt næringsfond for nyoppstarta og vekstbedrifter
- kontorareal som bedrifter kan få leige i oppstartsfasen

- eit synleg og brukarvennleg Hoppid.
- fortsette realisering av Gjøsund hamn som ei grønn hamn
- sikre jordvernet for ein god framtidsretta landbrukspolitikk
- at i valet mellom ulik aktivitet i havområda set vi fisk først
- sterkare bruk av "føre var"



Miljø og natur

Vi har mykje natur og hav i Giske. Dei vala vi tek i dag, påverkar framtida. Samstundes må vi ha vegar som møter folk sine behov.

Giske Venstre vil

- at fylkeskommunen tilrettelegg for betre kollektivtilbod
- ha trygg gangveg over Giskebrua og Gjøsundbrua
- at alle skulevegar skal vere trygge - også "kyss og køyr" ved skulane
- sikre fri tilgang til friluftsområda frå fjell til fjøre med minst mogeleg

konflikt av bruken

- anerkjenne at naturen i seg sjølv er grunnlag for god folkehelse
- at berekraftsmåla skal vere ei rettesnor i all kommunal planlegging

